

Oppsummering merknader – Kunngjering planoppstart

Plannamn	Detaljregulering for Løvland bustadfelt
Plan-ID	
Saksnummer (Nordplan/kommune)	15275/
Utarbeidd av	Nordplan AS
Datert/revidert	19.05.2017

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Fjordingen og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 08.02.2016. Det kome inn 5 merknader. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

Nr	Avsendar/dato/gbnr	Oppsummert innspel	Vår kommentar
1	Fylkesmannen, 15.12.15	<p>Fylkesmannen (FM) skriv at lova stiller krav om planprogram når plan omfattar konsekvensutgreiing (KU). FM påpeikar vidare at det ikkje går fram av oppstartvarselet kvifor ein har kome fram til at det einaste temaet som skal KU-vurderast er kulturminne/-miljø. FM meiner det er andre relevante tema som også bør utgreiast i KU. Det må ifølgje FM iallfall gjerast ei vurdering av kvifor ein har kome fram til at det ikkje er andre tema som er relevante for planarbeidet og konsekvensutgreiinga. Vidare vert det vist til brevet om dei nye rutiane til Fylkesmannen for behandling av plan- og dispensasjonssaker.</p> <p>I og med at arealbruken er i strid med kommuneplanen, og dessutan omfattar produktivt jordbruksareal, stiller FM òg spørsmål ved om ikkje tiltaket også burde konsekvensutgreiast for andre tema enn kulturminne/kulturmiljø. Så langt det gjeld spørsmål og problemstillingar knytt til landbruksinteressene, viser dei elles til brevet til FM med merknadar til oppstart av reguleringsplanarbeid.</p> <p>Planomtalen skal elles gjere greie for ulike interesser og omsyn som kan bli råka av planarbeidet, dette gjeld også for landbruket.</p>	<p>I planforum 15.03.2017 vart plansaka diskutert med representantar frå mellom anna Fylkesmannen. Hornindal kommune har gjort ein del vurderingar i kommunestyret som elles skulle vore gjort i eit planprogram. Det framkom under møtet at det ikkje ville bli stilt krav om utarbeiding av planprogram i denne saka. Sjå kapittel 3.5 i planomtalen for meir informasjon om møtet.</p> <p>Planomtalen omfattar vurdering av jordbruksareal. I tillegg, i samsvar med referat frå møte i planforum, vil barn- og ungdom, ureining og folkehelse bli omtalt.</p> <p>Verknader av planen framgår av planomtalen (jf. kap. 8).</p>
2	NVE, 16.12.15	NVE har ingen innspel til planarbeidet.	Merknaden er teken til orientering.

c:\Users\mb\appdata\local\microsoft\windows\netcache\content.mso\bcd6612d.docx

3	Mørenett AS, 08.01.16	Mørenett skriv at å legge luftlinje i grunnen, slik som planen føreslår, vil vere omfattande og vil òg omfatte anna enn kun luftlinja over området. Det er utbyggar som må koste ei slik ombygging og kan kontakt Mørenett dersom ein ønskjer eit prisoverslag.	<p>Kommunen har vore i kontakt med Mørenett og blitt samde om at planen skal ta utgangspunkt i at leidning leggst i grunnen.</p> <p>Luftlinja er vist med omsynssone H370 på plankartet (40 meter breidt belte). Tilhøyrande føresegner set krav om bustader ikkje kan etablerast innanfor omsynssona, før leidning er lagt i grunnen.</p>
4	Fylkeskommunen, 11.01.16	Fylkeskommunen (FK) har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. FK har såleis ikkje avgjerande merknader til planen, men ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.	Merknaden er teken til følgje. KU-vurdering syner at det ikkje er gjort funn av automatisk freda kulturminner i området. Sjå vedlagt rapport utarbeidd av Rådgevande Arkeologar «Konsekvensutgreiing kulturminne og kulturmiljø for detaljregulering Lølvand bustadfelt», datert 27.02.2017.
5	Inge Heggen, 07.01.16, gbnr. 204/6	<p>Heggen opplyser om at det har vore ferdsel over eigedomen i over 100 år og at det framleis er populært for turgåarar og lokale å nytte denne forbindelsen mellom Lødvand og Kirkorn Heggen ønskjer at planen skal legge til rette for at denne ferdselen kan fortsette, ved å regulere inn ein sti langs grensa mellom nytt bustadfelt og dyrka mark. I dag er marka leigd vekk for grasproduksjon, men når leigeavtala går ut er det planlagt anna bruk av dyrka areal og moglegheita for dagens ferdsel utgår.</p> <p>Vidare skriv Heggen at han håper det blir vist omsyn ved drenering og at vatnet som i dag går vidare ned til bekkjen over 205/5, oppretthaldast.</p> <p>Når det gjeld tilkopling av offentleg vatn og kloakk for 204/6, er det ifølgje Heggen gjort klart tilkoplingspunkt nedanfor huset og rørgate må gå på nedsida av låven. Dette som følge av at gårdsplassen er opparbeidd med støttemur og ikkje kan graves opp igjen. Sidan Heggen (204/6 og 204/17), får vatn frå brønn som ligg i nytt bustadfelt-område, håper han at det blir vist omsyn til dette under utbygging og klargjering av bustadfeltet. I tillegg at det vert vist omsyn til at dei òg vil trenge framkomst til bustad på 204/6 i byggeperioden.</p>	<p>Innspel om sti er teken til følgje og vist som turdrag o_GTD1 på plankartet.</p> <p>Planen set krav om at kart som viser private VA-leidningar (evt. også andre leidningar) skal leggjast ved søknad om byggjeløyve for opparbeidd av feltet. Eksisterande bekk/ brønn inngår ikkje i planen, men kommunen skal sikre eigaren tilfredsstillande vassforsyning i heile byggeperioden.</p> <p>Det er sett krav i føresegner at ved utbygging skal framkomst frå o_SKV1 til eigedom 204/6 sikrast.</p>

